



Grethe Farestvedt  
Løbergsalleen 2  
5073 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2860 - 23/27437

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
12.04.2023

## Adressetildeling Langhøyane 87- gbnr 445/498

**Administrativt vedtak: Saknr: 377/23**

### VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 tilhøyrande forskrift kap.12 og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressedeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
445	498	H0101	Langhøyane	87

**Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.**

### Saka gjeld

Det er godkjent bygging av ny einebustad, som skal ha tildelt offisiell adresse.


### Vurdering

Det er ledige husnummer i nytt felt her, og avsatt husnummer her er 87. Adresseringa av dette huset er gjort tilsvarande den tidlegare gjennomførte adresseringa i feltet.

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Langhøyane. Det kan ikkje klagast på adressenavnet, men på husnummer og på kva adresseveg bygget er adressert til.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressedeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme under).

**Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.**



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigdommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen ( der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



